

Kodex. Boken i medeltidens Sverige. Under redaktion av Jonas Nordin. Mediehistoriskt arkiv 54. Lunds universitet, Humanistiska och teologiska fakulteterna, 2022. 606 s.

Melding ved Odd Einar Haugen

Kan ein forfatte eit bokhistorisk verk og trykkje det i ei hefta bok på syrehaldig papir? Ja, utan tvil. Bør ein gjere det? Sjølv sagt ikkje. Sjeldan har eg opplevd samanhengen mellom form og innhald som klarare enn når det gjeld *Kodex*, der den står breiskuldra i bokhylla og ikkje har anna å melde enn det eine ordet: *Kodex*. Men er ikkje det ein stavefeil? For ville ikkje latinisten hatt *Codex* og nordisten *Kodeks*? Så melder tanken seg at dette er gjort med overlegg, for eit verk som handlar om boka i den svenske mellomalderen, burde nettopp reflektere dei to sentrale språka i denne perioden, latin og svensk. *Kodex* blir ein tittel for både latinistar og nordistar, eit ortografisk kompromiss på linje med *Øresundsbron*.

Kodex har eit tidlaust, men like fullt mellomalderleg band. Det er halde i ein mørkegrå sjirting med eit blindtrykk i brunt. Det er formgitt av redaktøren sjølv, og det synest klart at det er inspirert av dei nagla permanente vi kjenner frå mange mellomalderkodeksar, eksemplifiserte i boka sjølv på s. 68 og s. 480. Den grafiske formgjevaren av materien mellom permanente, Johan Laserna, har sett til at boka har fått eit sobert uttrykk. Hovudskrifta er *Indigo Antiqua*, ei nyteikna humanistskrift av Johan Ström, lansert digitalt så nyleg som i 2021. I dei supplerande kapitla på grå bakgrunn er det brukt ein serif-lauss font, *Scala Sans*, som kompletterer *Indigo*, og som trass i sitt moderne formspråk knyter seg til dei gamle humanistskriftene. Det er også verdt å framheve dei mange illustrasjonane i boka. Biletredaktøren, den grafiske designaren David Laserna, har hatt ei sikker hand med utvalet; illustrasjonane legg seg i ein fin rytme, attgjevne i velvalde utsnitt og i gode og klare fargar.

Så mykje om det taktile og grafiske i *Kodex*. No til innhaldet. *Kodex* er disponert med innhaldsliste, innleiing, kapittel på to nivå (lengre på kvit bakgrunn, kortare på grå bakgrunn), forfatarpresentasjonar, ordforklaringsar, referansar til utrykte og trykte kjelder, og fyldige register, både over handskrifter, personnamn og stadnamn. Notane står som sluttnotar etter kvart kapittel, og sjølv om dette inneber litt blading att og fram, passar det godt med den stilen kapitla er skrivne i – dei kan med fordel lesast utan bibliografiske avbrot i presentasjonen.

Redaktøren nøyer seg med eit forord på ei snau side, så vi får ikkje vite så mykje om bakgrunnen for boka, og heller ikkje om organiseringa av stoffet. Det er **Roger Andersson** som får oppgåva å innleie boka, og det gjer han med eit forfriskande enkelt perspektiv:

Bokens utveckling i det medeltida Sverige kan egentligen sammanfattas i en enda mening: Det skrevs fler och fler böcker av allt fler personer och de handlade om allt mer olika saker och lästes av ett växande antal personer med allt större och mer varierade förväntningar på läsningen (s. 11).

Dette er presist formulert og mindre opplagt enn ein skulle tru ved første augnekast. Ein skal ikkje reise lengre enn til Noreg for å møte ei heilt anna utvikling. Her opplevde vi ei nesten eksplosiv utvikling av dei folkespråklege kodeksane frå ca. 1200 til ca. 1350, men så tok denne bokkulturen nesten heilt slutt, utanom at det seinare draup ei og anna jordebok. Det som spissformulert kunne kallast vekst og velstand på svensk side, må snarast kallast vekst og nedgang på norsk side. Det tek tid før vi får eit konkret mål på kor stor den svenske handskriftkulturen er, men det kjem på s. 193, der Janken Myrdal opplyser at det er bevart eit halvt tusen handskrifter tilkomne i Sverige, der om lag halvparten er på latin. I tillegg kjem det store fragmentmaterialet som er omtalt av Jan Brunius (s. 30–33), restar av mange tusen handskrifter.

Roger Andersson følger opp si generalisering med eit fugleperspektiv på boka, der han først framhevar det avgjerande skiljet mellom den andelege og verdslege sfæren, før han gjev eit oversyn over korleis litteraturen byggjer seg opp og etter kvart når ein meir komplisert heilskap på 1400-talet, som er “den handskrivna bokens århundrade” (s. 19).

Slik eg ser det, kan dei nitten kapitla som følgjer innleiinga, samlast i tre hovudperspektiv: det bokhistoriske, det visuelle og det litterære. I det følgjande disponerer eg omtalen etter desse perspektiva, og då blir det til at eg hoppar litt att og fram, og innimellom tek nokre avstikkarar til det vestnordiske. Etter gjennomgangen slår det meg at kapitla gjerne kunne ha vore nummererte. I det følgjande blir dei omtalte med dei titlane dei har i boka.

Først ute er det bokhistoriske perspektivet. Det opnar med eitt av dei største og grundigast dokumenterte kapitla i heile *Kodex*, “Bokproduktion – material och tekniker”, der **Patrik Åström** gjev eit oversyn over korleis dei mellomalderlege kodeksane var oppbygde. Hans fokus er på

dei materielle sidene ved produksjonen, og han framstår som ein sikker vegvisar i dette landskapet. Etter ei gjennomlesing av kapittelet er denne meldaren freista til å seie at det forfattaren ikkje veit om dei materielle sidene ved den svensk bokproduksjonen, det er knapt verdt å vite. Her er eit overflodshorn av opplysningar, framført i ei detaljrik og dermed høgst verifiserbar framstilling. Kapittelet kan gå rett inn på ei pensumliste for kodikologi, svensk og allmenn.

Det er redaktøren av boka, **Jonas Nordin**, som følgjer opp bokproduksjonen med forvaringa av bøkene, i kapittelet “Bibliotek och boksamlingar”. Her gjev han eit oversyn over den dominerande posisjonen kyrkja hadde under oppbygginga av boksamlingar; det var bøker til kyrkjer, katedralar, kloster og konvent, som han allitterativt uttrykkjer det (s. 455). Det meste av dei eldste bøkene er tapt over heile Norden (utanom i fragment), slåande eksemplifisert då Ansgar kom til Sverige i 829 med rundt 40 bøker i bagasjen, og opplevde at dei vart plyndra av piratar. Framstillinga tek for seg dei store kyrkjelege biblioteka i Skara, truleg det eldste, Linköping, Växjö, Västerås, Strängnäs og Uppsala, og dernest klosterbiblioteka. Særleg omtale får biblioteket i birgittinarklosteret i Vadstena, innvigd i 1384. Ei prosentuell fordeling på sjangrar av bøkene i samlinga viser at den religiøse litteraturen var dominerande, men ikkje einerådande (s. 475). Ikkje minst interessant er gjennomgangen av bibliotekslokala allment og refleksjonar over korleis dei var fordelte og oppbygde.

I det supplerande kapittelet “De medeltida bokfragmenten i Riksarkivet” gjev **Jan Brunius** eit uvanleg konsist oversyn over omfanget av dei mellomalderlege fragmenta. Det er tankevekkjande at det frå berre eitt hundreår, 1200-talet, er registrert fragment som kan tilbakeførast til nærare 4000 kodeksar (s. 31). Til liks med den norske fragmentbestanden er det store fleirtalet, så mykje som rundt 80 %, frå liturgiske bøker. Av forstæelege grunnar har fragmentsamlingane ikkje vore så grundig studerte som dei store kodeksane, men det må liggje eit djup av tapt bokhistorie her.

Medan fokuset i *Kodex* ligg på dei handskrivne kodeksane, melder trykkjekunsten seg på tampen av mellomalderen, og **Elin Andersson** er den som i kapittelet “Inkunabler” dekkjer overgangen frå handskrifter til trykte bøker. Vadstena fekk truleg eit eksemplar av Gutenbergs 42-linjes bibel allereie på slutten av 1450-talet, få år etter at den var trykt i Mainz (s. 508), og i 1495 vart det sett opp eit trykkjeri i klosteret. Men det fekk ei kort levetid, og det er berre ein leivning tilbake, ei bønnebok

for Linköping og Skara stift (s. 520). Det var i Stockholm at boktrykking tok til for fullt, då hanseatiske trykkjarar slo seg ned – først på byrjinga av 1480-talet med Johann Snell, som i 1483 fullførte den første trykte boka i Sverige, forfatta på latin, *Dyalogus creaturarum moralizatus* (s. 511), medan den første trykte boka på svensk kom i 1495, utført av Johannes Fabri, *Bock aff dyäffwlsens frästilse* (s. 517). Kapittelet om inkunablar er rikt illustrert, og det er slåande kor mykje av den visuelle utforminga som vart kopiert frå dei handskrivne kodeksane, i Sverige og andre stader. Fragment av dei gamle pergamentkodeksane finn ein i tidleg trykte bøker, der dei særleg vart brukte til bokomslag, som ordet *perm* er ei påminning om (s. 523).

Det som står att å kartleggje i den bokhistoriske delen, er *bruken* av bøkene, og det blir gjort gjennom kapittelet “Läsning och användning av böcker” ved **Jonas Carlqvist**. Han opnar med ein lengre refleksjon over kva lesing faktisk innebar i mellomalderen, med ein gjennomgang av teoretikarar som Herbert Grundmann og Michael Thomas Clanchy, og han gjer det med eit sjølvstendig og kritisk blikk, der han m.a. tek opp spørsmålet om kva lesinga på folkespråket kunne innebere i forhold til latinen. Han byr vidare på ei innsiktsfull drøfting av den mykje diskuterte skilnaden mellom høgtlesing og stillelesing. Han drøftar dette med utgangspunkt i det ein kunne kalle den grafiske organiseringa av teksten, skrifttypen, innslaget av abbreviaturar og typen av interpunksjon (s. 284–285). Ein kunne tenkje seg at dette kapittelet var vanskeleg å illustrere, men også her viser *Kodex* sin styrke – det er eit rikt utval av relevante illustrasjonar i kapittelet.

Lenger framme i boka har **Lena Strid** eit supplerande kapittel, “Läs- och skrivkunnighet i det medeltida samhället”, der ho minner oss om at både latinskrifta og runeskrifta var i bruk i mellomalderen. Rett nok fokuserer ho på latinskrifta, som frå byrjinga av berre var brukt til latin, og først seinare vart teken i bruk for folkespråket. Her ligg det interessante perspektiv, men det vi har av konkret kunnskap, er høgst mangelfullt – “Graden av läs- och skrivkunnighet i det medeltida Sverige är okänd”, slår forfattaren lakonisk fast (s. 90). I ein slik situasjon er utfordringa å hente ut av materialet det som hentast kan, slik som t.d. det vi veit om innhald og distribusjon av skriftene på folkemålet, ikkje berre i kodeksane, men også i diplommaterialet.

Det andre hovudperspektivet har eg kalla det visuelle, og det mest umiddelbare er sjølve skrifta i dei gamle kodeksane og diploma. Kapit-

telet “Paleografi” er forfatta av **Elisabet Göransson** og byr på mange velvalde og informative illustrasjonar. Det er ei god investering å gje så mykje bakgrunn til paleografien som det er gjort på dei første ti sidene. Så dukkar det første eksempelet på ei førgotisk skrift opp i det latin-språklege Skaramissalet, instruktivt oppstilt på s. 106–107. Men mange eksemplar på førgotisk skrift frå Sverige er det ikkje tale om. Det blir den gotiske skrifta som dannar hovudtyngda av paleografi-kapittelet, først den formelle gotiske *textualis* og dernest den kursive varianten av denne, i rein eller blanda form. Ikkje minst interessant er det at forfattaren fører kapittelet heilt fram til bruken av *lettera antica* (s. 125) og skrifta i dei eldste trykte svenske bøkene. Her kan ein verkeleg sjå kontinuiteten i skriftutviklinga, frå handskriven stil til blytsats – der typane var skorne etter mønster av handskriftene. Gjennom heile kapittelet er det rikeleg med gode faksimilar i fargar med tilhøyrande transkripsjonar og omsetjingar. Slike skriftprøver er uunnverlege i eit kapittel om paleografi, og dei er med på å gjere kapittelet velegna til studiebruk.

Alessandro Palumbo furnerer lesarane med eit konsist og veldisponert oversyn i det supplerande kapittelet “Medeltida runor i Sverige”. I ei bok med tittelen *Kodex* framstår runeinnskriftene som marginale, ettersom dei er rista på heilt andre underlag – stein, tre, bein, metall – enn pergament. Rett nok har vi *Codex Runicus* (AM 28 8vo) og fragmentet Maria-klagen (KB A 120), men desse må reknast til det danske språkområdet. Kor som er gjev Palumbo eit systematisk oversyn av svenske runeinnskrifter frå mellomalderen, etter innhald, bruk og geografisk fordeling, alt saman i ei presis framstilling.

I det supplerande kapittelet “Musikhandskrifter och musiknotation” framhevar **Karin Lagergren** at det meste av musikken var framført der og då, bygd på utanboks innlæring, slik at det er eit sparsamt skriftleg kjeldemateriale vi har å byggje på. Svært lite av den gamle neumenotasjonen, brukt før 1100-talet, er bevart, og det er heller ikkje så mykje tilbake av den seinare kvadratnotasjonen, utanom i fragmentmaterialet. Det er naturleg nok i dei liturgiske handskriftene ein vil finne musikknotasjon, framfor alt i antifonarie- og gradualesjangrane, og det er i desse og andre liturgiske tekstar at det store teksttapatet har vore. Det forhindrar ikkje at kapittelet oppnar for ein kanskje undervurdert tradisjon.

Claes Gejrot dekkjer to ulike emne i kapittelet “Medeltidens svenska skrivare och handel med handskrifter”, der det første står i nært samband med det paleografiske kapittelet, medan det andre tek for seg handel med

bøker og knyter sambandet til kapittelet av Jonas Carlqvist. I den første delen opnar forfattaren med refleksjonar over kva det innebar å vere ein skrivar i den handskriftlege perioden, der ein kan skilje mellom dei som skreiv av tekster (gjerne i eit kloster), og dei som utførte avskrifta i ein administrativ samanheng (t.d. i eit kanselli). Jamført med den langt meir dynamiske traderinga av den vestnordiske litteraturen, er det lite fokus på det ein kunne kalle den *redigerande* skrivaren, som ikkje unnslo seg for å omskape førelegget, ikkje ulikt den mangesidige rolla som dei første trykkjarane tok seg, redaktør og forleggjar i ein og same person. Ein større del av kapittelet er vigd til avskrivarverksemda i Vadstena, der ein er i den unike situasjonen at så mykje av verksemda kan knytast til kvinnelege skrivarar, slik Ingela Hedström har vore med på å avdekkje. Derimot er mindre nemnt om skrivarattribusjonen og dei metodiske spørsmåla som knyter seg til denne, anna enn ein kortfatta referanse til det svære arbeidet som er utført av Per-Axel Wiktorsson i identifiseringa av svenske skrivarar (s. 224). I ei så velillustrert bok kunne det ha vore interessant å sjå døme på ulike skrivarhender, både der det er allmenn semje om at hendene er ulike, og der det er omdiskutert. Er det berre skifte av pennesplitt? Er det opptak av avskringa etter ein lengre pause? Er det stilen som rett og slett skiftar gjennom avskrivninga av ein lengre tekst? Og kan ein bruke ortografien til skrivaren som eit kjennemerke? I den neste avdelinga tek forfattaren for seg handelen med bøkene, som er eit forfriskande, materielt perspektiv, eit perspektiv som vel så gjerne kunne ha vore presentert i eit supplerande kapittel.

I kapittelet “Bokmåleri” opnar **Eva Lindqvist Sandgren** med ei fortenestefull innføring i dei sentrale omgrepa i studiet av det ein fritt kunne kalle grafisk overskot i handskriftene, fordelt på *miniatyrar* (som er så kalla ikkje fordi dei var små, men fordi dei opphavleg var laga med raud mønje, *minios*), *initialar* og *marginaldekor*. Den mykje brukte termen *illuminasjon* er rett nok ikkje introdusert her, men dukkar opp lenger ute i framstillinga. Etter ein gjennomgang av hovudsakleg latinspråklege bøker, både bevarte kodeksar og fragment, er det lovbøkene som opnar for og vitnar om bokmaleriet i dei folkespråklege bøkene. Faksimilen frå *Äldre Västgötalagen* viser kor enkel denne kunne vere (s. 160), men så kjem det raskt døme på rikare dekorerte lovbøker, både av *Magnus Eriks-sons bylov* og kristenbolken i *Östgötalagen* (s. 163–164). I den vestnordiske litteraturen er det nesten utelukkande dei islandske handskriftene som byr på dekor i større omfang, medan dei norske lovbøkene stort sett er

på nivå med *Äldre Västgötalagen*. Kapittelet kunne ha vore styrkt med ei skarpare avgrensing av terminologien, slik som det er gjort i kapittelet om paleografi, og slik som t.d. Friederike Richter og Beeke Stegmann (2019) gjer i si typologisering av vestnordisk bokmaleri. Men det forhindrar ikkje at kapittelet står fram som eit fyldig og veldokumentert oversyn over det svenske bokmaleriet.

Kapittelet “Figurative bilder i medeltida handskrifter” ved **Janken Myrdal** overlappar i nokon grad med det føregåande kapittelet om bokmaleriet, men forfattaren avgrensar seg frå det som berre er utsmykninngar og er dekt i kapittelet “Bokmåleri” (s. 193), og konsentrerer seg om dei figurative bileta. Ei vanleg forståing av figurativ kunst er at den oppfatar attgjevingar av menneske, dyr og gjenkjennelege gjenstandar, i motsetnad til den abstrakte eller ikkje-figurative kunsten. Eksempla i kapittelet oppfyller ein slik definisjon, men det er mange nok døme på figurative bilete også i kapittelet om bokmaleri, t.d. s. 163, 164, 168, 176 og 182. Når så mykje er sagt, får vi ein interessant dokumentasjon av figurative innslag i svenske handskrifter, for det meste menneskekroppar, og særleg ser dette ut til å førekome i lovhandskriftene. I samanfatning undrast denne meldaren på om det ikkje hadde vore ønskeleg med klarare definisjonar i kapitla til Sandgren og Myrdal, og gjerne med ei anna fordeling av materialet dei imellom, for eksempel mellom dekorasjon og figurasjon, slik at t.d. historiserte initialar vart behandla i lag med andre figurative bilete.

Det tredje hovudperspektivet i hverande gjennomgang er det litterære perspektivet, som fordeler seg på seks kapittel, som til skilnad frå dei føregåande kapitla er meir einskaplege frå ein metodisk synsstad. Langt på veg dreiar det seg om ei sjangerbestemt gjennomgang av den gamle svenske litteraturen. Etter alt å døme er lovtekstane dei eldste, særleg om ein legg til grunn den munnlege overleveringa av lovene som vi kjenner til i Norden. I kapittelet “Lagboken under svensk medeltid” går **Fredrik Charpentier Ljungqvist** gjennom dei svenske lovbøkene (også kalla rettsbøker) på konsist og systematisk vis, og han set innleiingsvis opp eit viktig skilje mellom dei som ser lovbøkene som kodifisering av eldre, til dels munnleg rettspraksis, og dei som forstår dei som uttrykk for aktiv lovgjeving, inspirert av kanonisk rett og romarrett. Det eldste laget av lovbøker er landskapslovene, som har sitt tidlegaste fullstendige uttrykk i *Äldre Västgötalagen* frå ca. 1225, overlevert i handskriftet KB B 59 frå omkring 1300. Dette nøkterne handskriftet er attgjeve i faksimile

både her (s. 381) og andre stader i boka (s. 112 og s. 160). I tillegg til *Äldre Västgötalagen* kjem eit knippe andre landskapslover, som det går fram av dei instruktive tabellane på s. 399–400. Dertil kjem to overordna lov-bøker, *Magnus Erikssons landslov* og *Magnus Erikssons bylov*, begge frå rundt 1350, rundt 75 år etter dei tilsvarende lov-bøkene under Magnus Lagabøte i Noreg. Lovbøker er velstrukturerte dokument, der det i høg, men ikkje fullstendig grad er samanfall mellom bolkane dei er inndelte i. Forfattaren kan tilby ein taksonomi over korleis lov-bøkene grupperer seg med støtte i ein klyngeanalyse av dei (s. 387). Grunnlaget for data-settet er den prosentuelle fordelinga av rettsområda i dei ulike lov-bøkene. Forfattaren er utan tvil klar over at den grupperinga som klyngeanalysen fører fram til, ikkje kan tolkast genealogisk; dei metodologiske utfordringane er godt dokumenterte i *Handbook of Stemmatology* (red. Philipp Roelli 2020). Alt i alt gjev kapittelet om dei svenske lov-bøkene eit godt overblikk over feltet, og ein kan igjen gle seg over velvalde faksimilær, slik som eksempelet frå *Östgötalagen* (s. 391). Det er eit vitnemål om ein profesjonell og dyktig skrivar, og eit vitnemål om at lov-bøkene hadde høg status i samfunnet.

I det supplerande kapittelet “Kanonisk rätt” formidlar **Anders Winroth** eit breitt, europeisk oversyn over den kanoniske retten, dvs. kyrkjeretten, som levde parallelt med den verdslege retten. Det var berre liturgiske bøker som fanst i større mengder enn dei kanoniske retts-bøkene i mellomalderen (s. 404), men det kan sjå ut til at det fram mot reformasjonen gjekk særleg hardt ut over dei kanoniske bøkene – etter oversynet til Jan Brunius (s. 31) er det berre 7 % av fragmentmaterialet som stammar frå juridiske, hovudsakleg kanoniske kodeksar. Det vart ikkje klart for meg kor mykje av den kanoniske retten som er bevart i dag i svenske bibliotek, anna enn dei kodeksane som er nemnde som eksempel på kanoniske rettsbøker (KB B 689b, LUB Mh 9 og UUB C 263, C 563, C 573). Eit tabellarisk oversyn likt det ein finn i det føregåande kapittelet (s. 399–400), ville ha vore nyttig.

I eit nytt, supplerande kapittel, “Vetenskapliga texter”, har **Anders Piltz** ei tilnærming som er mykje den same som den ein møter hos Anders Winroth. Det er eit informert oversyn over den europeiske utviklinga av lærdoms litteraturen på 1200-talet, til avløyning av ein meir kontemplativ periode, og med innslag av svenske lærde som studerte og til dels fann plass ved utanlandske lærestader, slike som Björn Magnusson (Bero Magni) frå Lödöse. Den som får breiast omtale i kapittelet, er

Mathias frå Linköping, som utmerkte seg med både litteraturvitskaplege arbeid (*Poetria* og *Testa nucis*) og ein svær, hovudsakleg tapt, alfabetisk ordna bibelkommentar. Men kapittelforfattaren sporar også andre svenske lærdomsmiljø og oppbygginga av Universitetet i Uppsala, grunnlagt i 1477. Eit forvitneleg dokument frå den første tida i Uppsala er dei tre banda med førelesingsnotat som gotlendingen Olaus Johannis etterlét seg. Om klosteret i Vadstena er forfattarens vurdering at det hadde eit framståande bibliotek, men at det ikkje var eit lærdomssenter i seg sjølv (s. 448).

I kapittelet “Religiös litteratur” tek **Ingela Hedström** lesarane med i den største av dei svenske mellomalderlitteraturane, ein litteratur som spente over fleire sjangrar, og som var sentral gjennom heile den mellomalderlege perioden, både på latin og på folkespråket. Latinen var det dominerande språket; berre i C-samlinga i Uppsala universitetsbibliotek finst det rundt 400 latinspråklege handskrifter med religiøst innhald, medan Kungliga biblioteket i Stockholm kan by på 45 fornsvenske religiøse handskrifter (s. 356). Bibelen er utgangspunktet for gjennomgangen i kapittelet, og det er slåande at denne ikkje vart omsett i sin heilskap (slik heller ikkje i den vestnordiske litteraturen). Vi får eit godt oversyn over det tidlegaste omsetjingsarbeidet i det som i ettertid er kalla *Medeltidens Bibelarbeiten*, fordelt på to seriar, MB I (også kalla *Pentateukparfrasen*) og MB II. Det er først når ein er komen over i den nysvenske perioden at heile Bibelen blir omsett; det skjedde som kjent med Gustav Vasas bibel i 1541. Etter Bibelen tek kapittelforfattaren for seg i tur og orden dei mange liturgiske bøkene, andaktslitteraturen, den hagiografiske litteraturen, preikelitteraturen og den oppbyggjelege litteraturen med tilhøyrande openberringar. I den sistnemnde er det naturleg nok Sta. Birgitta som er det sentrale personen, og det er her den svenske religiøse litteraturen verkeleg løftar seg over dei andre nordiske litteraturane. Også dette kapittelet er godt illustrert, der kanskje den mest slåande illustrasjonen er *Maiestas Domini* i Skaramissalet frå 1150-talet (s. 337).

Erika Kihlman gjev i det supplerande kapittelet “Kalendarier” eit oversyn over ein ganske spesiell sjanger, kalendrane, som for det meste stod som delar av liturgiske bøker eller lovhandskrifter. Kalendrane skil seg frå det store fleirtalet av andre tekstar i handskriftene ved at dei har tabellarisk oppstilling eller andre former for visualisering. Forfattaren byr på ei kortfatta, men veldokumentert innføring i denne spesielle sjangeren.

Peter Ståhl gjev i kapittelet “Diplom och kopieböcker” eit velstrukturert og autoritativt oversyn over den svenske diplomatikken, der han opnar med ei fin klargjering av forholdet mellom originalbrev og det som måtte vere av avskrifter i *vidimationer* (på norsk seier vi vanlegvis *vidisse* om slike avskrifter) og kopibøker. Det eldste bevarte svenske diplom er frå 1164–1167, forfatta på latin, medan det eldste svenskspråklege diplom er frå 1330, over eit hundreår yngre enn det eldste norskspråklege diplom, utferda under baglarkongen Filippus ein gong i hans styringstid 1207–1217. Men etter 1330 skjer det ein rask overgang til svensk, og frå rundt 1370 er majoriteten av svenske diplom på svensk språk. Til liks med dei norske diploma er dei eldste diploma skrivne i ei formell skrift, gjennomgåande førgotisk, men frå midten av 1200-talet skjer det eit skifte til gotisk kursiv, og etter kvart er dette den heilt dominerande skrifta i diploma (s. 303). Forfattaren tek den sedvanlege gjennomgangen av diplomets delar – protokoll, text og eskatokoll – på same måte som Jon Gunnar Jørgensen (2013) og andre har gjort for norske diplom. Deretter eignar kapittelforfattaren seg til språk og formlar, og så til typar av diplom, som er mangearta og der kategoriane er kryssande. Særleg merksam vier han til kopibøkene, der han først gjev eit allment oversyn over dei mange bevarte kopibøkene før han samlar seg om dei seks viktigaste, der fem av dei no ligg i Riksarkivet og ei i Uppsala. Alt i alt er dette ei flott innføring i den svenske diplomatikken, der omtalen av kopibøkene ikkje er den minst viktige. Men ein kan sakne meir om *utgjevinga* av diploma. På s. 313 får vi nærmast i forbifarten vite om *Svenskt diplomatarium*, som heilt sidan 1829 har utgitt svenske diplom, og som no har nådd til året 1381, i tillegg til at det er ein tilleggsserie som dekkjer perioden 1401–1420. Det er parallelle seriar i dei andre nordiske landa, så her ville det ha vore verdifullt med eit blick over landegrensene, og ein refleksjon over kva diplomutgjevinga bør omfatte.

Massimiliano Bampi viser i kapittelet “Lekmannahandskrifter – profan litteratur” at sjølv om religiøse handskrifter, lovbøker og diplom er dei dominerande teksttypene i den svenske litteraturen, er det ei mindre, men på ingen måte uinteressant gruppe av det ein kan kalle profan litteratur. Innleiingsvis brukar forfattaren fortjenestefull tid på å reflektere over termen *lekmannahandskrifter*, som har ein konnotasjon til aristokratiske miljø, og kategorien *profan litteratur*, som typisk opptrer i dei nemnde lekmannahandskriftene, men også i andre samanhengar. Vi har å gjere med tekstar som ikkje er så mange i talet om ein jamfører med

den vestnordiske litteraturen. Storparten av dei er å finne i samlehandskrifter frå 1400-talet, seinare enn blømingstida for den vestnordiske, profane litteraturen. Hovuddelen av kapittelet er vigd ein gjennomgang av fire sentrale samlingshandskriftene som formidlar den profane litteraturen: KB D 4, den eldste av kodeksane og truleg frå første halvpart av 1400-talet, KB D 4a “Fru Märtas bok” frå mellom 1448 og 1463, KB D 3 “Fru Elins bok” frå 1488, og KB D 2 “Spejelbergs bok” frå 1470–1480 og 1523. I tillegg diskuterer kapittelforfattaren AM 191 fol, “Codex Askabyensis” frå før 1492, forutan to handskrifter som enno ikkje er så grundig utforska, “Codex Grensholmensis”, no i Linköpings stadsbibliotek, frå seint 1400-tal eller tidleg 1500-tal, og KB K 45 frå den første halvparten av 1500-talet. Som vi ser, høyrer denne litteraturen heime i slutten av den mellomalderlege perioden. Ein del av dei svenske kodeksane skil seg ut ved å vere både høge og smale, slik som KB D 4 (faksimile s. 424). Det kan ha vore motivert av at dei skulle vere eigna for høgtleising, og anten av denne eller andre grunnar er dei sparsamt dekorerte. Ein kan trygt seie at denne kodikologiske gjennomgangen passar som hand i hanske i ei bok som *Kodex*, og at det opnar for mange gode handskriftsbaserte analysar. Etter gjennomgangen av dei store samlingshandskriftene reflekterer kapittelforfattaren over det samansette og spreidde innhaldet i desse og omtalar dei som *multitextböcker*. Eit døme på dette er det før nemnde “Codex Grensholmensis”, nærmast eit portabelt minibiibliotek (faksimile s. 435). Samanfattande kan det seiast at kapittelforfattaren lykkast godt i å gje ein presentasjon av dei profane svenske tekstane der deira kodikologiske forankring er blikkpunktet.

Kodex plasserer seg mellom to svære verk. På den eine sida er det *Kulturbistorisk leksikon over nordisk middelalder* (KLNLM), som i 22 band utgjevne i åra 1956 til 1978 dekkjer det meste av innhaldet i *Kodex* i kortare artiklars form. På den andre sida er det den store monografiserien *Nordisk kultur*, som kom ut med 30 band i perioden 1931 til 1956. I denne kan ein fordjupe seg (i nokre tilfelle drukne seg) i spesifikke emne, og mange av dei står framleis støtt; det gjeld m.a. innføringane i litteraturhistorie og paleografi. *Kodex* tilbyr eit mellomformat mellom desse storverka. I dette landskapet har redaktøren og forfattarane lykkast med ei fagleg oppdatert, velskriven, gjennomillustrert og interessevekkjande bok, ei bok som også har eigenverdi som ein veritabel kodeks.

Til slutt skal det seiast at i denne meldinga har *Kodex* vore omtalt i si fysiske og taktile utforming. Men boka er også tilgjengeleg digitalt i PDF, og den kan lastast ned gratis frå Mediehistorisk arkiv ved Lunds universitet (<https://www.ht.lu.se/serie/9588931/>). Det er høgst prisverdig. Denne meldaren ser ikkje bort frå at dei som først utforskar boka på skjerm, blir freista til å ha den i handa og hylla. Frå den same nettsida kan ein bestille boka til den oppsiktsvekkjande låge prisen av SEK 235.

Sitert litteratur

- Jørgensen, Jon Gunnar. 2013. Kapittel 5: Diplomer, lovbøker og jordebøker. I: *Handbok i norrøn filologi*, 2. utg., redigert av Odd Einar Haugen, s. 250–301. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder (KLNLM)*. Oslo/Stockholm/København, 1956–1978. Opptrykk, København: Rosenkilde og Bagger, 1980.
- Nordisk kultur*. 30 bd. Redigert av Johs. Brøndum-Nielsen, Otto von Friesen, Magnus Olsen, Sigurd Erixon. Stockholm/Oslo/København, 1931–1965.
- Richter, Friederike og Beeke Stegmann. Initials and other illuminations. Kap. 7 i *The Menota handbook*. Version 3.0. Bergen: Medieval Nordic Text Archive, 2019. Open Access, https://www.menota.org/HB3_ch7.xml
- Roelli, Philipp, red. 2020. *Handbook of Stemmatology. History, Methodology, Digital Approaches*. Berlin: De Gruyter. Open Access, <https://doi.org/10.1515/9783110684384>

Odd Einar Haugen
 Universitetet i Bergen
 odd.haugen@uib.no
 Claus Frimannsgate 8
 NO-5011 Bergen